



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 18.02.2019

Vår ref.: 2018/10968-2

Saksbehandlar: nilelde

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Høyring - forslag til ny forskrift med miljøkrav til drosjenæringa i Hordaland

Den 24.3.2017 vedtok Stortinget å endre lov 21.6.2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) § 9 fjerde ledd. Endringa gav lokale løystyresmakter moglegheit til å stille miljøkrav til drosjenæringa i sine løyvedistrikts:

*"Løystyresmakta kan gje påbod om at drosjekøring etter første ledd skal drivast med motorvogn som har ei øvre grense for miljøskadeleg utslepp. Det skal setjast ein frist på minst fire år for å oppfylle krava. Løystyresmakta fastset forskrift om den øvre grensa for miljøskadeleg utslepp."*

Hordaland fylkeskommune føreslår at det vert stilt eit miljøkrav til drosjenæringa for drosjer som driv i Hordaland løyvedistrikt. Hordaland fylkeskommune har konkludert med at det er teknisk, praktisk og økonomisk mogeleg å stilla krav til at drosjekøringa vert gjennomført med nullutsleppskøyretøy. Det er føreslått at eit slikt krav skal tre i kraft fire år etter at fylkestinget har vedteke forskrifta. Kravet er teknologinøytralt, men etter dagens teknologi er det køyring med elbil eller hydrogenbil som oppfyller kravet.

Vi føreslår at kontroll og handheving av kravet skjer innanfor dagens rammer for kontroll hos løystyresmakta i Hordaland (Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune) og SVV Region Vest. I tillegg føreslår vi at løyvehavar og drosjesentral vert pålagt rapporteringsplikt ved brot på miljøkrava.

Med heimel i yrkestransportlova § 9 fjerde ledd, og med etterhald om framtidig budsjettdekning til utbyggjing av tilstrekkeleg infrastruktur, føreslår Hordaland fylkeskommune følgjande ordlyd i ny forskrift:

I

Forskrift om miljøkrav til drosjenæringa i Hordaland løyvedistrikt.

II

I forskrifta skal § 1 lyde:

*"§1 Løyvehavar pliktar å sørge for at drosje registrert for inntil 9 personar knytt til Hordaland løyvedistrikt ikkje har utslepp frå forbrenningsmotor."*

III

I forskrifta skal § 2 lyde:

*"§2 (1) Løyvehavar pliktar straks å gje skriftleg melding til løystyresmakta dersom drosjen har brote miljøkravet i § 1.*

(2) Drosjesentralen pliktar straks å gje skriftleg melding til løvvestyresmakta dersom ein drosje knytt til sentralen ikkje oppfyller miljøkravet i § 1.

#### IV

Forskrifta trer i kraft fire år etter at den er vedteke.

Når høringsfristen er ute vert det lagt fram sak for politiske handsaming med mål om endeleg vedtak i fylkestinget i oktober.

**Høringsfristen vert sett til 27.5.2019.**

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Nils Tore Eldegard  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

#### Vedlegg

1 Miljøkrav til drosjenæringa i Hordaland